



Arkivnr: 2014/11976-17
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.05.2015
Fylkesutvalet		19.05.2015

Nedlegging av offentlig veg på Rv. 13 utanfor Myrkdalstunnelen

Samandrag

Etter at Myrkdalstunnelen vart opna 20. desember 2008 vart gamlevegen på utsida av tunnelen stengd. I reguleringsplanen Rv 13 Vinje – Nesheim vart det ikkje teke stilling til kva som skulle skje med gamlevegen. Etter at tunnelen har vore i drift nokre år er tunnelen no oppgradert med ljøs og ventilasjon, slik at den er opna for gang- og sykkeltrafikk.

Statens vegvesen har kome til at etter oppgraderinga med ljøs/ventilasjon er det ikkje behov for gang- og sykkelveg langs gamlevegen. Forslaget frå Statens vegvesen er at gamlevegen utanfor Myrkdalstunnelen vert nedlagt som offentlig veg.

Hordaland fylkeskommune har i samsvar med veglova § 7 1. ledd uttalerett i saka. Fylkesrådmannen er samd i forslaget frå Statens vegvesen og har ikkje ytterlegare kommentar til at vegen vart nedlagt som offentlig veg.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet har ikkje merknadar til at gamlevegen utanfor Myrkdalstunnelen på Rv 13 vert nedlagt som offentlig veg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Nedlegging av offentlig veg på Rv. 13 utanfor Myrkdalstunnelen - brev frå Statens vegvesen

Fylkesrådmannen, 26.03.2015

Etter at Myrkdalstunnelen vart opna 20. desember 2008 vart gamlevegen på utsida av tunnelen stengd. I reguleringsplanen Rv 13 Vinje – Nesheim vart det ikkje teke stilling til kva som skulle skje med gamle vegen. Etter at tunnelen har vore i drift nokre år er tunnelen no oppgradert med ljøs og ventilasjon, slik at den er opna for gang- og sykkeltrafikk.

Gamle vegen er av særst dårleg stand frå avkjøyrsla ved Ulvsundsøyne i sør og til avkjøyrsla ved Ulvund i nord. Vegen vil for framtida krevje eit visst vedlikehald, då vegen er i ferd med å siga ut fleire stadar og det kjem stadig små steinras og skred ned på vegen.

Statens vegvesen har kome til at etter oppgraderinga med ljøs/ventilasjon, er det ikkje lenger behov for gang- og sykkelveg langs gamlevegen. Statens vegvesen har og kome til den konklusjon at det ikkje er behov for at gamlevegen vart nytta som omkøyringsveg.

Forslaget frå Statens vegvesen er at gamlevegen utanfor Myrkdalstunnelen på Rv. 13 vart nedlagt som offentleg veg.

Hordaland fylkeskommune har i samsvar med veglova § 7 1. ledd uttalerett i saka. Fylkesrådmannen er samd i forslaget frå Statens vegvesen og har ikkje merknadar til at vegen vart nedlagt som offentleg veg.